



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Identitetsargument mot  
kommunereformer i Indre Sogn på 1960-  
og 2010-talet

Identity arguments in opposition to  
municipal reforms in Indre Sogn in the  
1960s and 2010s

**Josef Benoni Ness Tveit**

SA523 Bacheloroppgåve i historie  
Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap  
Rettleiar Oddmund Løkensgard Hoel  
14.05.20

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle  
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Samandrag

Denne bacheloroppgåva handlar om motstanden i offentlig debatt mot kommunereformer med vekt på bruken av identitet. Oppgåva legg fram kva som særpregar slik motstand i Indre Sogn på 1960-talet sett opp mot 2010-talet og analyserer dette ved bruk av verktøy frå teori om historisk komparasjon.

Eg har nytta kvalitative metodar for å finne og analysere argument. I hovudsak var heradsstyreprotokollar og fråsegner frå desse, samt seinare skriven litteratur, nytta for 60-talsperioden. Lesarbrev publiserte i media vart kjelda for å analysere den offentlege debatten på 2010-talet. Døme frå desse kjeldene vert synt i teksten. Oppgåva har nytta kjelder frå og handlar om Indre Sogn, men ein skal ikkje sjå bort ifrå at funna kan vere gjeldande for andre stadar i landet.

Eg laga omgrepet *materielt rasjonalisert identitet* for å skildre funna i oppgåva mi. Identitet står so og seie aldri åleine som argument mot desse politiske reformene, men heller i forhold til materielle tilhøve. Eg har også synt at det er ein forskjell i den offentlege motstanden mellom dei to tidsperiodane og fremja moglege forklaringar for dette.

## Summary

This bachelor's thesis is about the opposition in public debate against municipal reform with an emphasis on the use of identity. The thesis presents the distinctiveness of such opposition in the inner municipalities of Sogn in the 1960s contrasted with the 2010s and analyses these characteristics using tools from historical comparative method.

I have used qualitative methods to find and analyse arguments. Mainly protocols from municipal councils and consultation responses from these, in addition to previously written literature, is used for the 1960s. Letters from readers published in the media was used as the primary source to analyse the public discourse in the 2010s. Examples from these sources are used in the text. The thesis uses sources from- and is about the inner municipalities in Sogn. However, the findings presented may be valid other places in the country.

I coined the phrase *materially rationalized identity* to describe my findings in this thesis. Identity is so to speak never alone as an argument against these political reforms, but stands in relation to material conditions. I have shown that there is a difference in the public opposition between the two historical periods and put forth possible explanations for this.

## Føreord

Sjølvsrealisering er toppen av behovspyramiden av ein grunn. Det å forme oss sjølve og å skildre faktorar som bidreg til dette er ein sentral del av det å vere – identitet er viktig. Eg finn omgrepet og korleis det vert brukt som ekstremt interessant og ser det som naturleg at dette då er ein del av den offentlege debatten. Denne oppgåva freistar å utforske nett dette i lys av eit historisk materielt og politisk fenomen som både påverkar og engasjerer heile samfunn – kommunereformer.

Eg har lært svært mykje i arbeidet med denne oppgåva. Ikkje berre historisk kunnskap om kommunereformene som prosessar og den offentlege samtalen, men også om forskning og analyse.

Eg vil rette ei stor takk til rettleiar Oddmund Løkensgard Hoel for grundig rådgjeving og medstudent Faste Ystad Skjei for stødig samspel.

Sogndal 11. mai 2020  
Josef Benoni Ness Tveit

## Innhald

<b>1.0 Innleiing</b>	<b>- 4 -</b>
1.1 Reformar, identitet og offentlig debatt – ei problemstilling	- 4 -
1.2 Geografisk avgrensing	- 5 -
1.3 Periode	- 6 -
<b>2.0 Teori</b>	<b>- 7 -</b>
2.1 Å arbeide komparativt	- 7 -
2.2 Historisk komparasjon i praksis	- 7 -
<b>3.0 Kjelder og metode</b>	<b>- 8 -</b>
3.1 Kjeldeutval frå 60-talet	- 8 -
3.2 Kjeldeutval frå 2010-talet – lesarinnlegga	- 9 -
<b>4.0 Historisk bakgrunn</b>	<b>- 10 -</b>
4.1 Schei-reforma	- 10 -
4.2 Sanner-reforma	- 12 -
4.3 Like reformer?	- 13 -
<b>5.0 Argument mot kommunereformer</b>	<b>- 14 -</b>
5.1 60-talsargument	- 14 -
5.2 2010-talsargument	- 16 -
<b>6.0 Ei samanlikning</b>	<b>- 19 -</b>
6.1 Identitet	- 19 -
6.2 Materielt rasjonalisert identitet	- 21 -
6.3 Var identitet viktigare på 60-talet?	- 21 -
6.4 Gjev like reformer lik motstand?	- 22 -
<b>7.0 Konklusjon</b>	<b>- 23 -</b>
<b>8.0 Kjeldeliste</b>	<b>- 24 -</b>

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Reformar, identitet og offentlig debatt – ei problemstilling

I etterkrigsåra ynskte sentralmakta å reformere kommunestrukturen for å auke effektiviteten, møte framtidige utfordringar og betre tilbodet til innbyggjarane. Mellom 1957 og 1967 gjekk talet på kommunar i Noreg ned frå 744 til 454. Denne grunnleggjeringa har mange fellestrekk med argumenta som vart lagt fram for den nye kommunereforma på 2010-talet, der 428 kommunar (juni 2014) vart til 356 kommunar i 2020.

Naturleg nok vekker slike store inngrep engasjement. Reformar som den på 2010-talet er fødd av grunnleggjering og avgjerder frå sentralt hald, og det er då naturleg at røystene som talar mot slik endring er dei mest høglydte, sidan dei må leggje fram si sak for å *stans*e utviklinga, heller enn å *drive den fram*. Dette temaet, debatt om sentrum-periferi i politikk og sosiale avgjerder, er svært stort og interessant – og ikkje minst til stadigheit relevant. Både på 60-talet og i vår tid er reformene som tema var svært aktuelle i den offentlege debatten, og kan bli sett på som eit døme på nett ein slik stor debatt.

Identitet er stadig til stades i denne debatten i båd tidsperiodar. I denne oppgåva kjem eg til å nytte historikar Håkon Rune Folkenborg sin definisjon av omgrepet.<sup>1</sup> Han meiner det ein oppfattar som sjølvet er summen av ei rekke kollektive identitetar i ulikt omfang og innhald. I historiebruksamanheng legg han vekt på historisk baserte førestillingar om identitetsdannande fellesskap – «historien viser hvem vi er ved å fortelle om hvem vi har vært, og hva som binder oss sammen.»<sup>2</sup> Nokre av faktorane Folkenborg nemner, som t.d. lokal tilhøyrsl, kulturkrets og sosiokulturelle tilhøve, er svært aktuelle for ei oppgåve om kommunereformer.

Pressa har innverknad på nett denne identiteten og er ein historisk viktig opinionsdannar. Dette ser ein mellom anna av at det er nett denne rolla som var objektet for den første medieforskinga på byrjinga av 1900-talet og framleis er relevant i store omveltingar i moderne tid.<sup>3</sup> Ein teori om nett media sin evne til å setje dagsorden og fokusere folks merksemd, agendateorien av Maxwell McCombs og Donald Shaw frå 1972, er å rekne som ein klassikar innan medieforsking og -historie.

Eg vil i denne oppgåva gjere eit forsøk på å samle fleire av mine interesser (offentleg debatt, identitet, pressa som opinionsdannar og komparativ historie) under eit spørsmål som utforskar desse. Difor ligg følgjande problemstilling til grunn for denne teksten: **Korleis vart identitet nytta som argument mot kommunesamanslåingar i Indre Sogn på 1960-talet og korleis var dette samanlikna med argumenta nytta i lesarinnlegg i same område som argumenterer mot kommunereforma på 2010-talet?**

Det vil ikkje vere mogleg å sei noko produktivt om likskapar og ulikskapar i argumentasjonen utan å gjere greie for visse likskapar og ulikskapar mellom dei to reformene dei vart fremja mot. Denne oppgåva vil altså nytte ein del tid på historisk bakgrunn og ein viss komparasjon av dei to kommunereformene.

Oppgåva er bygd opp slik at den underliggende informasjonen og bakgrunnen er på plass før eg kjem til sjølve analysen. I første del avgrensar eg problemstillinga i tid og rom. Deretter

---

<sup>1</sup> Folkenborg 2018, s. 27-29

<sup>2</sup> Ibid, s. 28

<sup>3</sup> Dahl 2004, s. 61 og Durzun-Ozkanca 2011, s. 139-160

diskuterer eg dei relevante kjeldene, før eg går vidare og legg fram den aktuelle historiske teorien. I metodekapittelet gjer eg, på bakgrunn av det tidlegare skrive, greie for utval av kjelder og metode for innhenting og syntetisering av informasjonen eg er ute etter. Deretter følgjer ei historisk kontekstualisering før eg legg fram resultatata av forskinga. Til slutt følgjer ei drøfting og konklusjon. Undervegs vert det skrivne små oppsummeringar etter kvart kapittel.

### 1.2 Geografisk avgrensing

Problemstillinga avgrensar oppgåva geografisk. Fleire av kommunane som vart slege saman i 2020 var «nye» kommunar etter Schei-reforma på 60-talet. Difor finn eg det interessant å samanlikne argumenta mot samanslåinga, og sjå om det er likskapar å finne. I tillegg er den geografiske avgrensinga gjort for å lette kjeldearbeidet. Ved å arbeide der eg bur er det ein halvtimes køyring til Sogn Avis sin redaksjon og Vestland Fylkesarkiv, samt at lokale bibliotek gjerne har tilgang til lokalaviser<sup>4</sup>.

Det kan også vere greitt å tydeleggjere kva kommunar som vert aktuelle å sjå på i denne oppgåva. Tabellen syner endringane på kommunekartet som faktisk skjedde, men debatten kring samanslåingar skjedde også i andre kommunar i Indre Sogn, som t.d. Årdal, under Sanner-reforma.

<i>Tidlegare områder</i>	<i>Endringstidspunkt</i>	<i>Ny kommuneining</i>
<i>Hafslo Luster Jostedal</i>	01.01.1963	Luster
<i>Balestrand (Hella – Eitorn-området) Leikanger (utanom Tingstad)</i>	01.01.1963	Leikanger
<i>Lærdal Borgund Årdal (garden Muggeteigen med husmannsplassar)</i>	01.01.1964	Lærdal
<i>Vik (utanom Kvamsøy sokn, garden Nybø og bruket Nygjerdet) Balestrand (Vangsnes sokn)</i>	01.01.1964	Vik
<i>Vik (Kvamsøy sokn)</i>		

<sup>4</sup> Denne geografiske nærleiken skulle syne seg å vere so og seie verdiløus grunna samfunnsvidre restriksjonar under Covid-19-pandemien som for alvor slo til i starten av arbeidet med denne oppgåva mars 2020.

<i>Balestrand (utanom Vangsnes sokn og Hella – Eitorn-området)</i>	01.01.1964	Balestrand
Jukvam 1999: 54-55		
<b><i>Tidlegare kommunar</i></b>	<b><i>Endringstidspunkt</i></b>	<b><i>Ny kommuneining</i></b>
<i>Balestrand (minus Nesse) Leikanger Sogndal</i>	01.01.2020	Sogndal
Regjeringen.no: Navn på nye kommuner		

### 1.3 Periode

Måndag 28. november 1960. Det er datoen alle aviser i Sogn og Fjordane hadde kommuneinndelingskomiteen, eller Schei-komiteen, sitt forslag for endringar i kommunestrukturen i fylket på framsida. Sogningen og Sogns Avis, som i det store og heile var like aviser på dette tidspunktet, hadde heile framsida full av stoff kring komiteen si innstilling. Hovudartikkelen gav att ordrett komiteen sine grunngevingar og konklusjonar kring kommunestrukturen og redaktør Hans Arnesen skreiv på leiarplass om samanslåingane.

Med konkrete framlegg frå kommuneinndelingskomiteen offentleggjort vert dette startdato for innhenting av kjeldemateriale; 28.11.60. Sluttdatoen seier også seg sjølv, i og med at dei siste aktuelle endringane i kommunestrukturen trådte i kraft 1. nyttårsdag 1964. Dette er på ingen måte ei fastsett avgrensing – litteraturen er jo skriven mykje seinare, gjerne i samband med Sanner-reforma. Primærkjelder kan også vere produserte før 1960, men dette gjev ei viss føring på kvar vi skal byrje. Som vi kjem attende til var Schei-reforma ein svært lang politisk prosess. Det var likevel frå slutten av 50-talet til 1964 at reforma var mest aktuell for folk flest av di det var då konkrete framlegg om deira heimstadar låg på bordet. Difor vil eg fokusere på primærkjelder og litteratur som bruker kjelder frå slutten av reformperioden.

For reforma på 2010-talet vert det annleis. Heildigitale aviser som Porten.no har, i alle fall teoretisk, ikkje noko grense for kor mange lesarinnlegg dei kan ha «på trykk». Når det kjem til Sogn Avis er det papirutgåva av avisa som vert nytta av tekniske grunnar, men lesarbreve og debattspalter tek større plass enn nokon gong før. Dette fører til ei stor mengd stoff produsert, trass i at Sanner-reforma ikkje var lenger enn fem-seks år.

Eg har difor vald å avgrense datautvalet til to år. Frå 22. mai 2015 til 22. mai 2017. Dette er eitt år i kvar retning frå folkerøystinga i kommunar i Indre Sogn 22. mai 2016. Med denne avgrensinga vonar eg å famne ei breidd av argument ved å inkludere ulike fasar av reformprosessen: generell diskusjon kring reforma og måla for denne, folkerøystingane, overstyring av folkerøystingane og debatten i etterkant av dette. Eg er overtydd om at ein gjennom analyse av perioden 2014 til 2020 kunne ha funne at ulike motargument var rådande i den offentlege debatten i ulike epokar, og det hadde vore interessant å sett dette opp mot gangen i sjølve reforma. Dette er eit anna prosjekt, men eg ynskjer berre å vere tydeleg på at eg ser at utvalet eg gjer ikkje naudsynlegvis representerer heile Sanner-reformperioden, men at dei åra eg har vald ut er dei mest relevante fordi debatten då var mest intens.

## 2.0 Teori

### 2.1 Å arbeide komparativt

Stort sett all historie er samanliknande<sup>5</sup>. Som Leidulv Melve skriv i *Historikerens arbeidsmåter* frå 2018: «Nesten enhver form for analyse, enhver abstraksjon eller generalisering, innebærer at undersøkelsesobjektet blir sett i forhold til noe annet, om det nå er andre og lignende undersøkelsesobjekt eller mer generelle strukturer»<sup>6</sup>.

Vidare greier Melve ut om den tyske historikaren Heinz-Gerhard Haupt sin definisjon på den kontrasterande historias fire funksjonar (som i realiteten er ei vidareføring av franske Marc Bloch sitt arbeid) og dimensjonar. Med utgangspunkt i problemstillinga vil eg presentere dei funksjonane og dimensjonane som er relevante og kan hjelpe oss å utforske temaet for denne oppgåva.

Den mest openberre av funksjonane er den *kontrasterande*. Ved å sjå på argument frå 60-talet og 2010-talet under same lupe kan vi finne det som er eigenarta ved kvar av dei. Noko av det som er unikt vil mest sannsynleg spegle den historiske konteksten. Det er også mogleg å finne likskapar, og i so fall kan ein leite etter raude trådar eller kjenneteikn ved nett det vi ynskjer å utforske – identitet og reformer.

Den *heuristiske* funksjonen til komparativ historie går ut på utviding av den historiske epistemologien; gjennom samanliknande analyse kan ein forklare eldre fenomen og oppdage nye<sup>7</sup>. I og med at denne oppgåva vert ein slags diskursanalyse heller enn ei årsaksforklaring, er det enno uvisst om forskinga vil kunne *forklare* nokre eldre fenomen, ettersom det ikkje er målet uttrykt i problemstillinga. At nye fenomen innan t.d. opinionsdanning i media, argumentasjon i reformprosessar eller offentlig debatt kjem fram, er mogleg.

Komparativ historie er også eit *distanserende* verktøy. Det handlar igjen om å analysere fenomen og finne *nye perspektiv* på desse. Til dømes kan behovet for å kontekstualisere dei to ulike historiske periodane der fenomenene vi vil undersøkje finn stad, føre til at vi får eit anna historisk rammeverk å analysere argument på – eit rammeverk der nett konteksten vert sett på i eit anna lys enn om ein berre hadde analysert ein enkelt periode. Denne distanseringa kan bli tydeleggjort gjennom som sagt vektning av ulike faktorar, tydeleggjort i likskapar og ulikskapar funnen gjennom den tidlegare nemnde kontrasterande funksjonen.

### 2.2 Historisk komparasjon i praksis

Melve skriv også om det han kallar metodens fire dimensjonar<sup>8</sup>; valet av undersøkelseiningar, valet mellom synkron og diakron samanlikning, valet mellom fokus på likskapar og/eller forskjellar og valet mellom primærkjelder eller sekundærlitteratur. Gjennom å finne kvar den aktuelle problemstillinga passar i desse ulike dimensjonane, kan det bli lettare å teikne vegen vidare mot metode og sjølve analysen.

Den første dimensjonen er lett å svare til. Problemstillinga og denne oppgåva fokuserer på to undersøkelseiningar i to ulike periodar i same rom. Valet mellom ei synkron eller diakron samanlikning er noko meir interessant. Melve meiner at historikarar i hovudsak prioriterer ei

---

<sup>5</sup> Melve 2018, s. 71

<sup>6</sup> Ibid

<sup>7</sup> Melve 2018, s. 73

<sup>8</sup> Melve 2018, s. 74



synkron samanlikning og at samfunnsvitarar gjer diakrone undersøkingar. Denne oppgåva lener seg på ein diakron dimensjon, men skil seg likevel frå det som vert skildra som ein typisk diakron framgangsmåte. Problemstillinga legg opp til ei undersøking av det same fenomenet, argument i offentlig debatt, i det same rommet – Indre Sogn. Likevel skjer jo dei to hendingane vi skal studere i to ulike tidsepokar. Melve skriv om kvifor komparasjon ikkje vert nytta spesielt mykje i historieskrivinga i dag, og meiner dette er grunna at historikarar fokuserer på det individuelle og det unike. «Men, som eg har freista å syna, det er ikkje er noko naudsynt motsetnad mellom diakron jamføring med meir enn to einingar og ei empirisk etterrøking av det unike.»<sup>9</sup>

Då det kjem til likskapar og ulikskapar mellom undersøkingseiningane legg ikkje problemstillinga opp til at dette er eit dilemma. Denne oppgåva er ute etter det som *kjenneteiknar* argumenta i båe periodane. Det er mogleg å leggje fram at ein kan definere særtrekka ved argumenta frå 60-talet ved å sjå på korleis dei er ulike frå argumenta på 2010-talet og vice versa. Samstundes kan ein også forsøkje definere særtrekka utifrå den historiske konteksten, uavhengig av den andre forskningseininga. Ein kan altso vente med komparasjonen til etter ein har definert einingane som skal samanliknast. Det er denne tilnærminga eg kjem til å nytte i denne oppgåva. Denne kronologiske tilnærminga kunne blitt problematisk om det skulle synt seg at særtrekka ved dei to einingane var so ulike at ein komparasjon ikkje var produktiv. Dette synte seg å ikkje vere eit problem.

Utgangspunktet mitt i dette stadiet av oppgåva vert altso å både undersøkje likskapar og ulikskapar. Målet vil vere å finne det særeigne ved kvar enkelt epoke, samstundes som behovet for kjenneteikn som er produktive å samanlikne må vere i bakhovudet.

### 3.0 Kjelder og metode

#### 3.1 Kjeldeutval frå 60-talet

Opphavleg skulle denne oppgåva samanlikne argument nytta i lesarinnlegg både frå 1960-talet og 2010-talet, men dette måtte endrast midt i forskingsprosessen. Dette grunna at det på 60-talet var *svært* få lesarinnlegg å hente i kjeldene. Dette kan ha å gjere med korleis pressa fungerte før, meir subjektiv journalistikk, det faktum at avisene var opent partiske og redaktørar med sterke politiske meiningar. Etter å ha søkt gjennom kring 250 aviser frå tidsperioden, fann eg *seks* innlegg som var nokolunde relevante. I alle desse var det berre bisetningar å ta tak i. Difor vart problemstilling endra undervegs, og eg enda ikkje med den symmetrien mellom kjeldene eg hadde venta.

Sjølv om eg finn funna, eller heller mangelen på desse, interessant i seg sjølv, må eg sjå etter andre kjelder. Soleis vert litteratur om Schei-reforma hovudkjelde for denne perioden. Gjennom søk på nettet, i sogebøker og lokallhistoriske artiklar har eg funne fram til litteratur eg ynskjer nytte for å utforske identitet som tema. Eg har også fått tilgang til kjelder frå kommunearkiva samla inn av fylkeshistorieprosjektet.<sup>10</sup> Litteraturen om 60-talsreforma er gjerne artiklar skrivne i høve den nyaste reforma, medan primærkjeldene vert møtereferat frå heradsstyre, folkemøte, høyringsssvar o.l. Soleis vert den første reforma dekka av fleire ulike kjelder.

Eg går gjennom det som vert skrive om identitet som argument i denne litteraturen, og forsøker å hente ut både dei spesifikke argumenta nytta, men også kva vekt slike argument

---

<sup>9</sup> Melve 2009 s. 61-77

<sup>10</sup> Jf. Roll-Hansen og Hoel 2016

får. I tillegg nyttar eg referansar i denne litteraturen til å finne relevante primærkjelder. Her hentar eg også argument og dømer som hjelp til å illustrere det eg analyserer. For punktet om vekting av identitet som argument vert ein artikkel av Yngve Flo ei sentral kjelde.

### 3.2 Kjeldeutval frå 2010-talet – lesarinnlegga

For argument nytta i Sanner-reforma på 2010-talet vert moderne lesarinnlegg frå Sogn Avis og den heildigitale avisa Porten.no kjeldene. Desse media dekkjer området avgrensa av problemstillinga – Indre Sogn. Eg har vald å fokusere på lesarinnlegg, ikkje redaksjonell dekking av tema i desse media. Det redaksjonelle er eit interessant tema, men av forskingsøkonomiske grunnar har eg avgrensa meg frå dette. Eg har vald å utelate leiarar av same grunn. Det ville naudsynleggjort analysar av ein skilde redaktørar sine politiske haldningar, sponsoravtaler til avisa, eventuell partipolitisk tilhøyrslø og gjort oppgåva meir omfattande enn eg ser tenleg.

Lesarinnlegg er av og til skrivne av andre enn dei det direkte angår. I dag er det vanleg at partileiarar, stortingsrepresentantar og private meiningsberarar skriv lesarbrev til aviser over heile landet. Dette kan vere innlegg spesifikt retta mot lokale problemstillingar, eller det kan vere generelle meiningar kring saker som angår heile befolkninga. Eg kjem i denne oppgåva til å inkludere lesarbrev som tydeleg er skrivne svært generelle og masseutsendte, nettopp fordi sjølve *argumenta* som vert nytta er relevante. Dette er eg viss på, både fordi aviser som Sogn Avis vel å trykke stoff dei meiner er av relevans for sine lesarar, men også fordi dei same argumenta vert fremja av lokale meiningsberarar.

Gjennom sosiale media med sine uendelige mengder kanalar, grupper og sider, er offentlege meiningsytringar det siste tiåret demokratisert og opna for alle. Samstundes vert kvalitetsfilteret for lesarinnlegg oppretthaldt og formar ei barriere for å få meininga si publisert i redaktørstyrte media. Denne forskjellen mellom meiningar som får plass i redaktørstyrte media og dei som vert haldne i «private» sfærer på nett er eit tema ope for forsking, men eg ynskjer ikkje i denne oppgåva å dra nytte av kjelder frå sosiale media.

Eg kjem ikkje til å føre oversikt for kjønn, posisjon, politisk ståstad eller rolle for lesarbrevsribentane i denne omgang, ettersom eg ikkje ser det som forskingsøkonomisk tenleg. Men ein kan sei at «lesarbrevspalten er (...), i likhet med de fleste andre medieoffentligheter, en offentlighet dominert av menn.»<sup>11</sup>, syner ein rapport frå ISS<sup>12</sup>. Over 70 prosent av dei som skriv lesarbrev er menn, syner rapporten. 61 prosent av dei som skreiv innlegg, var over 50 år. Lesarspaltene var også dominert av dei med høg utdanning og dei som var aktive i organisasjonar eller politiske parti.

Kjeldene for 2010-talet vart henta inn ved å avgrense tidsperioden og søkje etter nøkkelord på Nasjonalbiblioteket si nettside. Eg valde her å berre nytte eitt søkjeord: *kommunesamanslåing*. Dette gav 205 treff, og utifrå dette henta eg 38 lesarinnlegg. Eg utelèt mange innlegg som ikkje nytta dette spesifikke ordet, men eg ser på talet innlegg eg fann fram til som representativt for den aktuelle toårsperioden. Ei oppgåve som ynskja utforska denne perioden åleine, ville nok drege nytte av fleire søkjeord.

---

<sup>11</sup> Elvestad 2001, s. 21

<sup>12</sup> Rapporten er skriven 15 år før den aktuelle reforma. Dette er uheldig, men det er ein verdi i å sjå på den. Trass i at det er avstand mellom den og perioden vi skal forske på, meiner eg ein kan argumentere for at det er visse trendar som står seg.

Då eg fann innlegg som var relevante, ynskja eg å kategorisere dei. Nokre innlegg var beint fram og opna gjerne med hovudargumentet sitt, for so å utdjupe seinare. Andre igjen, spesielt dei frå politisk organiserte, skreiv seg gjerne eit par gongar kring grauten før dei kom til poenget. Andre igjen, kanskje dei vanskelegaste å jobbe med, var dei som ikkje hadde eitt, men fem poeng dei ynskja fremje. Her valde eg å sjå på kva for argument som tok størst plass i innlegget, og sorterte teksten soleis. Kriteria for utval og kategorisering sprang soleis induktivt frå kjeldematerialet. Oversikta over kategoriane kjem vi attende til.

Vi bør også nemne nokre utfordringar knytt til valet av innlegg. Avisa sjølve kan velje å utforske nokre argument redaksjonelt, av og til på bakgrunn av innsendte lesarbrief. Dette veit eg av personleg erfaring som journalist skjer<sup>13</sup>, og soleis kan nokre lesarinnlegg – som t.d. svært personlege eller kjensleladde lesarbrief – bli tekne tak i av journalistar, heller enn å bli trykt i debattspalta. Det kan ha ført til at nett slike innlegg ikkje vert representerte her.

I tillegg kan enkelte argument ha dominert enkelte tidsperiodar, alt etter kvar kommunereforma var i den politiske prosessen. Etter reforma vart «lansert» i 2014 er det nærliggande å tru at argument har fokusert på reforma i det heile, t.d. som ein sentraliserande prosess. Seinare, då dei spesifikke forslaga til samanslåingar kom frå regjeringa, vil ein tru argumenta skifta over til lokale problemstillingar, som kraftpengar, vegutbyggingar eller lokal identitet. Vidare kan argumenta ha skifta fokus etter folkerøystingane. Uansett kan vi sei at ulike stadier av den politiske prosessen, kanskje spesielt i ei reform so omfattande, pregar den offentlege debatten og argumenta som vert nytta. Dette er greitt å ha i minne, i og med at utvalet lesarbrief her nytta er frå ein toårsperiode av ein seks år lang politisk prosess.

#### 4.0 Historisk bakgrunn

Målet med denne oppgåva er jo å samanlikne det same fenomenet frå to ulike tidsperiodar. Dette naudsynleggjer også å samanlikne dei to periodane og dei politiske reformene som dannar bakgrunn for kjeldematerialet – kva var likt og ulikt mellom kommunereforma i etterkrigstida og på 2010-talet?

##### 4.1 Schei-reforma

31. oktober 1946 vart *kommuneinndelingskomiteen* oppnemnd av Gerhardsen-regjeringa med fylkesmann i Sogn og Fjordane Nikolai Schei som formann. Dette var starten på eit to tiår langt prosjekt som førte til ei stor restrukturering av den norske velferdsstaten og reformerte kommunen som ledd mellom innbyggjarane og staten.

Komiteen, som gjekk under mange ulike namn på folkemunne, mest populært «Schei-komiteen», sitt mandat var mellom anna «å utrede spørsmålet om en revisjon av den kommunale inndeling med sikte på å gjennomføre en inndeling som er mere i samsvar med de endrede forhold og som administrativt og økonomisk vil sette kommunene i stand til å bedre løse sine oppgaver (...)»<sup>14</sup>.

Kommunereforma av etterkrigstida skulle handle om i hovudsak tre ting, skriv historikaren Ola Svein Stugu<sup>15</sup>. Etersom vegar blei bygde ut vart fjorden, som tidlegare batt saman prestegjeld og kommunar som ferdslveg, i aukande grad sett på som eit hinder, so kommunikasjon var eit viktig punkt. At kommunane skulle få ei profesjonell forvaltning var

---

<sup>13</sup> Dette er eit anekdotisk punkt, men eg ser ikkje det som naudsynt å gå djupare inn på dette her.

<sup>14</sup> Kommunal- og arbeidsdepartementet, 1952, s. 2 (Stort. meld.)

<sup>15</sup> Stugu 2015

også sentralt. Komiteens andre innstilling frå 1952 la fram forslag til ei rekke nye oppgåver, mellom anna innan velferdsfordeling, som stilte krav til eit profesjonelt byråkrati med faste tilsette i administrasjonen. Det siste var behovet for økonomisk stabilitet. Komiteen ynskja at kommunar skulle ha befolkningsgrunnlag nok til å oppretthalde den tidlegare nemnde profesjonelle administrasjonen, men også for å ha økonomisk levedyktige kommunesentrum.

Fylkesmann i Nordland og medlem av komiteen Karl Hess Larsen skriv i sitt utsegn sitert i 52-innstillinga mellom anna om at dei fleste ordførarane i fylket også var sin eigen sekretær og fekk godtgjersle for båe stillingane. Han nemner spesifikke mål med kommunesamanslåingane:

(...) Så langt det er gjennomførbart bør man søke å nå fram til en størrelsesorden for kommunene på ca. 4-5000 innbyggere. Kommuner av den størrelse vil ha ikke så verst økonomisk bæreevne (...) <sup>16</sup>.

Vidare skriv han at dette vil opne for ulike faste administrative stillingar, samt fast heradshus, noko ikkje alle kommunar hadde på denne tida.

På neste side i same dokumentet skriv fylkesmann i Troms, Arne Aas, at «det er meget vanskelig å bedømme en kommunes levedyktighet etter folketallet». Vidare gjev han døme på ein småkommune med under 1500 innbyggjarar som har ein langt sunnare økonomi enn ein annan med over 5000 fastbuande. Likevel skriv han om behovet for eit effektivt administrasjonsapparat og at kommunen sin økonomiske berevne må vere tilstrekkeleg til å oppretthalde eit slikt apparat.

I tillegg til desse punkta var eit nytt ledd i skulen på veg inn i systemet – ungdomsskulen. Kommunar måtte også vere av ein viss storleik for å ha elevgrunnlaget for å opprette eigne ungdomsskular. Som Hege Roll-Hansen skriv i band fire av *Soga om Sogn og Fjordane*; «Den sosiale einskapsskulereforma og bygginga av nye ungdomsskular var eit stort økonomisk løft for kommunane (...) [og] ein viktig faktor i prosessen om kommunesamanslåingar på 1960-talet.» <sup>17</sup>

Året vart 1956 før Stortinget fatta lov om korleis reforma skulle gå føre seg. Etter politisk motstand, både lokalt og frå stortingspartia Bondepartiet og Høgre, vart det klart at denne reforma måtte late framlegg frå Schei-komiteen gå på høyring i kommune- og fylkesstyrer. Dette vart ein toppstyrt prosedyre der kommunane fungerte som høyringsinnstansar om eigen lagnad. <sup>18</sup> Stugu skriv at Schei-komiteen reiste landet rundt for å hente inn grunnlagsdata og prate med lokale politikarar. Ei mellombels innstilling var sendt på høyring i fylka, før den gjekk vidare til departementet. Stugu skriv at den lokale motstanden mot endringar, etter kvart som prosessen rulla fram, vart svekka, mellom anna «ut ifrå ei allmenn kjensle av at det var uråd å kjempe mot krefter som så vel styresmakter som store delar av opinionen definerte som framsteg og utvikling». Han meiner vidare at det var eit mønster for at sentrale kommunar var positive til samanslåingar, medan motstanden var konsentrert i dei mindre og meir perifere kommunane.

Schei-reforma handla altso om ei «naturleg» endring av kommunegrenser ettersom sjøvegen vart meir og meir irrelevant, og spesielt styrking av økonomi og administrasjon for å ta imot

<sup>16</sup> Kommunal- og arbeidsdepartementet 1952, s. 46

<sup>17</sup> Roll-Hansen 2017, s. 167

<sup>18</sup> Stugu 2015, s. 311-324

nye oppgåver frå staten. Det var også ein toppen-og-ned prosess til ein viss grad, balansert mellom at avgjerda om reforma skjedde på regjeringsnivå, med at sjølve tilrådinga til strukturane vart lagt fram av ein komité beståande av samlege fylkesmenn – ein komité som også var på reis i månadsvis for å møte lokale politikarar. Soleis hadde lokalsamfunn sjans til å late si stemme bli høyrd, samstundes som dei som tidlegare nemnd i realiteten ikkje var anna enn ein høyringsinnstans.

#### 4.2 Sanner-reforma

3. januar 2014 sette Kommunal- og moderniseringsdepartementet under leiing av Jan Tore Sanner (H) ned eit ekspertutval for å utvikle det dei kalla «kriterier som har betydning for oppgaveløsningen i kommunene»<sup>19</sup>. I skildringa av grunnlaget for danninga av eit slikt ekspertutval står det om utfordringar kommunar møtte midt på 2010-talet. Dette gjaldt mellom anna fleire plikter og strengare krav til kommunane om å dokumentere kva den driv med. Med dette følgde det utfordringar med både kapasitet og kompetanse for å gjennomføre kommunen sine lovpålagde plikter.<sup>20</sup>

Vidare skildrar rapporten at nokre kommunar løyste problemet med forvaltning, administrasjon og større tenesteytingar gjennom interkommunale løysingar, men at slike samarbeid ikkje var fullgode alternativ til «større og meir robuste kommunar». Dei meinte at slike ordningar førte til ei kompleks forvaltning, svekka demokrati og dårlegare transparens fordi avgjerder vart tekne i mellomadministrative samarbeid, heller enn i folkevalde organ.<sup>21</sup>

Vidare vert det i rapporten understreka at det er ynskje om eit *sterkare lokaldemokrati* som er den drivande faktoren bak reforma. Dette skulle oppnåast ved at kommunane vart «større, robuste einingar som betre samsvara med dei naturlege bu- og arbeidsmarknadane som hadde utvikla seg over tid». Kommunane skulle bli fridde frå interkommunale samarbeid, bli sjølvstendige innan oppgaveløysing, bli tildelt fleire ansvar frå staten og kunne tilpasse velferdstilbod for å «gje meir effektiv ressursbruk innanfor avgrensa økonomiske rårer»<sup>22</sup>. Likt står det i Kommuneproposisjonen 2015 til Stortinget at kommunereforma skulle sikre gode og likeverdige tenester til innbyggjarar, skape økonomisk robuste kommunar og styrke lokaldemokratiet. Dei meinte at større kommunar kunne få fleire oppgåver og meir ansvar, og at samanslåingar ville gje innbyggjarane auka påverknad over lokalsamfunnet sitt.<sup>23</sup>

Det var klart heilt frå starten at friviljugheit og lokale ynskjer skulle vere eit grunnleggande premiss for Solberg-regjeringa si kommunereform:

Dersom kommuner etter en helhetlig vurdering og etter å ha innhentet synspunkter fra sine innbyggere konkluderer med at sammenslåing ikke er aktuelt på det nåværende tidspunkt, er dette en konklusjon f l e r t a l l e t [av komiteen] mener må respekteres. Unntak fra dette frivillighetsprinsippet vil likevel kunne være aktuelt i helt spesielle situasjoner der enkeltkommuner ikke må kunne stanse endringer som er hensiktsmessige ut fra regionale hensyn.<sup>24</sup>

---

<sup>19</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014, s. 7

<sup>20</sup> Ibid

<sup>21</sup> Ibid

<sup>22</sup> Ibid

<sup>23</sup> Det kongelege Kommunal- og moderniseringsdepartement 2014, s. 7 (Stortingsproposisjonen, ikkje ekspertutvalsrapporten)

<sup>24</sup> Kommunal- og forvaltingskomiteen 2015, s. 42

Trass denne intensjonen skulle det dei neste to åra syne seg at reforma vart vanskeleg å få gjennom utan bruk av tvang og ei toppen-og-ned-tilnærming igjen. Basert på regjeringa si openheit for friviljugheit vart det svært populært i dei kommande åra å halde folkerøystingar. I alt hadde 217 kommunar folkerøystingar mellom september 2015 og februar 2017.<sup>25</sup> I snitt stemde 38,3% for ei eller anna form for samanslåing.<sup>26</sup>

Desse folkerøystingane vart organiserte på ulikt vis, ofte i hast. Dette førde til nokre kritikkverdige tilhøve. Nokre, som Kjell-Arve Harvold ved By- og regionorskingsinstituttet ved OsloMet, meiner over halvparten av røystingane kan vere av «liten verdi».<sup>27</sup> Institutt for samfunnsforskning meinte at ein tredel av folkerøystingane var udemokratiske<sup>28</sup>. Mengda folkerøystingar syner uansett eit stort lokalt engasjement kring (og skal ein tru folkerøystingane – mot) reforma.

Effektive folkerøystingar eller ei – ein kan klart sei at det var skepsis og motstand i mange lokalsamfunn mot reforma. Dette var ikkje ein sentrum-periferi-skisma slik mange tenkte.<sup>29</sup> Forskinga syner at resultatata av folkerøystingane vart mest dikterte av talet på svaralternativ, kor vidt Senterpartiet hadde stor makt i kommunen (ordførar eller varaordførar) og kva tid røystinga skjedd.<sup>30</sup>

Resultatet av alle desse folkerøystingane, årevis med politisk debatt og revurdering av sjølvrådeprinsippa, vart at 119 kommunar vart slegne saman til 47 nye. Det totale talet på kommunar i Noreg gjekk soleis frå 428 før reforma (juni 2014) til 356 etter alt var sagt og gjort 1. januar 2020.

Sanner-reforma var altso ei toppen-og-ned-reform som opna for innspel frå lokalsamfunn, men der folkerøystingar og lokale vedtak i realiteten vart som høyringar å rekne.<sup>31</sup> Reforma handla om eit styrka lokaldemokrati, noko som skulle oppnåast gjennom større økonomiske einingar med robust administrasjon og «naturlege grenseendingar». Kommunane skulle etter denne reforma vere rusta for å møte morgondagens velferdsproblem og få tildelt nye oppgåver frå staten.

#### 4.3 Like reformer?

So – kva er forskjellane og likskapane mellom desse to reformene? Dette er jo ikkje hovudmålet i denne oppgåva, men eit heilt problem for seg sjølv ein kunne forska på. Som diskutert var kommunane i etterkrigstida nesten uråd å kjenne att for oss. Dei var svært lite utbygde, ikkje alle hadde heile løna stillingar eingong og mange var utan faste heradshus. Det var generelt einigheit om at noko måtte gjerast. Schei-reforma skulle bidra til å byggje opp kommunale tenester og leggje grunnlaget for den moderne kommunen vi no kjenner. Tiår seinare, før Sanner-reforma var kommunane store organisasjonar med ei breidd av tenester, særleg innan helse- sosial- og skuleverket. Nokre stadar var og er kommunen den største arbeidsgjevaren i, vel, kommunen. Dette gjeld ikkje berre distriktskommunar, som

<sup>25</sup> Distriktssenteret 2017

<sup>26</sup> Henrichsen & Øverland 2017, s. 42: Her inngår samtlege stemmer for samtlege alternativ som innebar ei eller annan form for samanslåing. Problematisering kring dette og eventuell påverknad på valresultat kan finnast i avhandlinga.

<sup>27</sup> Harvold 2016

<sup>28</sup> NRK-artikkel 16. nov. 2017

<sup>29</sup> Henrichsen & Øverland 2017, s. 83

<sup>30</sup> Ibid, s. 84

<sup>31</sup> Her skal det seiast at språket til underteikna er farga av Stugu og delkapittelet om Schei-reforma

Hustadvika i Møre og Romsdal, men også bykommunar som Bergen. *Utgangspunktet* for endringane er altså radikalt ulikt.

Men for vår del kan det seiast at *målet* med reformene var noko likt – det handla om samanslåing av einingar som «naturleg» høyrde saman, det handla om styrking av økonomi og administrasjon for å late fleire oppgåver – velferd i båd tilfelle – bli flytta frå stat til kommune. Sjølv prosessen var også noko lik, med overkommunale einingar som vurderte høyringssvar frå dei folkevalde i kommunestyre, men som til slutt sat med makta til å slå saman einingar med tvang – noko som vart brukt i båd periodar.

Eit viktig punkt som er forskjellig mellom dei to reformene, i tillegg til utgangspunktet, er tidsbruken. Schei-reforma var ei krypende endring som var i gang i ti år før lova om reformgangen i det heile vart fatta. Det tok over tjue år frå initiativet etter krigen til siste kommunesamanslåinga var gjennomført. Til kontrast skjedde ekspertutvalsnedsetjing, folkerøystingar, stortingsvedtak og tvangssamanslåingar over berre fire-fem år under den siste kommunereforma. Det kan argumenterast for at slik ein kort og effektiv prosess kan opplevast som meir dramatisk, meir valdeleg<sup>32</sup>, og let seg opne for kritikk om dårlegare grunngeving, prosess og implementering av ei endring so inngripande som reform av folks næraste demokratiske institusjon.

## 5.0 Argument mot kommunereformer

### 5.1 60-talsargument

Ein kommune er ei sosialiserande eining. Mellom opprettinga av kommunane ved formannskapslovene av 1837 og Schei-reforma var det over hundre år. Sett vekk frå nokre oppdelingar av kommunar var dette hundre år med felles heradssentrum, felles lokaldemokratiske møtepunkt og felles politiske diskusjonar. Mange kommunar vart delt opp etter kyrkjesokn, og bygde dimed på eit religiøst fellesskap som kunne vere svært gamalt. Organisasjonar, politiske parti og lokalaviser nytta ofte kommunegrenser for å ramme inn sitt nedslagsfelt<sup>33</sup>. Som skildra i kontekstualiseringskapittelet var dei fleste av desse dimensjonane utanfor grunngevinga for å gjennomføre reforma i etterkrigstida. Utbygging av vegar dei siste tiåra hadde nok utfordra desse sosiale institusjonane, men igjen måtte dette konkurrere med den lange tida samfunna hadde bak seg som eigne herad.

I litteraturen<sup>34</sup>, men også primærkjelder som kommunestyreprotokollar, kan ein sjå at argumenta som er kritiske til kommunereforma som oftast opnar med materielle høve. Det handlar om nærleik til kommunesentrum, kraftpengar, skuleveg, geografisk storleik (spesielt i storkommunar som Luster) og arbeidsplassar. Det er først lengre nede i høyringssvar og fråsegner at identitet vert trekt fram. Det ordet var ikkje like på moten som det er i dag, men det er likevel tydeleg at fellesskapskjensler var ein del av motstanden mot reforma. Vi skal ikkje drive nokon diskursanalyse eller leite etter vikarierande argument og eigentlege intensjonar i denne oppgåva, men ein kan sei at slike argument hadde ei viss vekt, i og med at dei dukkar opp til stadigheit. Her frå Hafslo heradsstyre:

---

<sup>32</sup> Vald her meint som bruk av makt for å få gjennom eit ynskje mot ein annan aktør sin vilje, ikkje strafferettsleg vald eller liknande. Eg meiner ordet skildrar godt korleis reforma vart oppfatta av nokre som reagerte på bruken av tvang.

<sup>33</sup> Flo 2015

<sup>34</sup> Roll-Hansen & Hoel 2016, Stugu 2015, Wale 2015

Det vil heller ikkje vera rett å fastleggja grensene ut frå økonomiske eller forvaltningstekniske synsmåtar berre. Som kyrkjeleg eining (sokn, prestegjeld), er det område ein kommune utgjer ei eining som er mange hundrad år gamal. Ein lyt difor gjeva akt på kulturtradisjonar og historiske forhold, ikkje berre på geografiske, økonomiske og administrative. Ein vil ikkje heilt eller delvis kunna partera ein kommune utan at det får skadeverknad. (...) [E]in lyt alltid hugse at ein kommune er ein levande organisme som ein ikkje må skade unødig.<sup>35</sup>

Som nemnd over handlar brorparten av fråsegnen sitatet er henta frå om dei økonomiske grunnane heradsstyret meiner støttar at Hafslo burde halde fram som eigen kommune. Likevel dukkar identiteten opp. Det same gjer det i eit fråsegn frå den kommunale nemnda om kommuneinndelinga i Luster frå 1. juni 1957:

I hundretal av år låg herada i Indre Sogn såleis, spreidde, avskilde for seg. Dette sette varande merke i folkekarakteren, soleis at sjølv i dag – etter at vegen har brote seg fram og bunde herada saman, så har vi ein ulik måte å vera på, til og med ulik taledialekt.<sup>36</sup>

Ordførar i Jostedal Hallvard Hesjevoll skreiv noko meir kjensleladd til Scheikomiteen 17. november 1953:

Det har ikkje alltid vore greidt å bu i Jostedal, og berre dei «innfødde» kunde livberga seg under slike livstilhøve. (...) [S]kal ein etter alt strevet og all liding hengast som hale på ein større herad, då vil vonløysa siga myrk innover dei fleste som har heimstaden sin her.<sup>37</sup>

Som tidlegare nemnd skulle denne oppgåva eigentleg lene seg på lesarinnlegg om kommunereforma frå 60-talet. Moglege grunnar for mangel på slike lesarinnlegg har eg allereie nemnd, men eg trur den svært konservative redaktøren i Sogns Avis og Sogningen, Hans Arnesen, er ei sannsynleg forklaring på dette. Han var ei kraftig røyst i støtta til kommunereform, og klaga ofte på at Schei-komiteen ikkje gjekk hardt eller fort nok til verks. Det var so og seie kun i venstreavisen Sogn og Fjordane eg fann kritiske røyster til reforma, og i lesarbrevform var dei svært få.

Elles ser eg at samanslåinga av herad valdar så mange slags problem.<sup>38</sup>

So kort skriv «Sjur Bukkebrekka» om hans motargument mot reforma, før han klagar sarkastisk om at nokre byar på Austlandet kan kome til å miste Vinmonopolet om dei vert omdanna til heradskommunar. Denne korte kommentaren utan noko substans kjem mellom Bukkebrekka si klage på Sognekraft, raljering mot redaktør Arnesen sine meiningar om atomvåpen og at finansministeren skal ta doktorgrad. Kort sagt var publikum so godt som fullstendig tause i den offentlege debatten på denne tida. Dette er eit interessant funn, men bidreg lite til den aktuelle problemstillinga.

---

<sup>35</sup> Fråsegn frå Hafslo heradsstyre 26.9.1952. Hafslo kommunearkiv, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

<sup>36</sup> Dømet er henta frå Roll-Hansen & Hoel 2016, s. 75

<sup>37</sup> Ibid

<sup>38</sup> Sogn og Fjordane 12. januar 1962



Identitet er eit element som går att i motstand mot kommunesamanslåingar i Indre Sogn på 60-talet, det er tydeleg, men det kjem sjeldan åleine og sjeldan fremst. Kva dette betyr og kva rolle identitet faktisk spelte i motstanden mot reforma kjem vi attende til i drøftingskapittelet.

### 5.2 2010-talsargument

Innanfor avgrensingane som er nemnd i metodekapittelet, fann eg 38 lesarinnlegg i Sogn Avis og fem på Porten.no som argumenterer mot kommunereforma. Lesarinnlegga vart delt opp i fire kategoriar, alt etter kva argument som vart vektlagt tyngst og fokusert på i innlegget:

Type argument	Tal på innlegg
Argument bygd på negativ vinkling kring uttrykte mål med kommunereforma (t.d. kritikk av omgrep som «robuste kommunar» og «nye oppgåver» som diffuse, og om tenestetilbod faktisk vert betre i større kommunaleiningar)	15
Argument om at lokaldemokratiet vert svekka, ikkje styrka i større kommunaleiningar	12
Argument bygd på ein referanse til «folkeviljen» og seinare med referanse til rådgevande folkerøystingar	13
Argument bygd på identitetskjennele knytt til kommunen eller frykt for å miste denne	2

Fyndord utan innhald, trugsmål og visjonar utan bakkekontakt er det som skal få oss til å gje opp gode kommunar for noko ukjent. Me skal røysta over ting me ikkje veit korleis vert. Me skal gå saman berre på voni og tomme lovnadar.

Slik skriv fjærlending og sogning Knut P. Bøyum om kommunereforma i Sogn Avis 21. mai 2016 – dagar før folkerøystinga om samanslåing. Han skriv i innlegget om korleis han ser at ein storkommune ville ha gagna hans eigen heimkommune av fleire tiår, Sogndal, men at dei mindre kommunane hadde blitt skadelidande i det lengre løp. Soleis argumenterte han for å røyste nei den følgjande dagen.

[Undersøkingar viser] år etter år at innbyggjarane i mindre kommunar gjennomgåande får best tenester og er mest nøgde. Der det blir for smått og sårbart, er dette løyst gjennom interkommunale samarbeid, som i mange tilfelle faktisk fungerer veldig godt. (...) [P]åstanden om at tre-fire kommunar som slår seg saman vil gi ein større maktfaktor i høve til statlege styresmakter og at ein slik kommune vil få nye oppgåver, kjøper eg nok ikkje...

Dette skriv Vidar Roseth same dag. Både desse døma syner ei kritisk haldning til dei uttrykte måla, *sjølv grunnen*, til Sanner-reforma. Det var «robust» som var det magiske adjektivet brukt om administrasjonar, økonomi og kommunen som heilskap, som skulle bringe det «styrka demokratiet». Kritkarane hengde seg opp i kva som faktisk var meint med ord som dette. Sanner og hans ekspertutval hadde presisert ei ynskja størrelse på kommunane (15.000-20.000 innbyggjarar<sup>39</sup>), men dette var ikkje tilstrekkeleg, meinte kritkarane. Samstundes var

<sup>39</sup> NTB/Aftenposten 2014

det dei som stilte spørsmål om større kommunar i det heile ville ha den ynskja effekten, slik som Ingvar Åberge skreiv 22. februar 2016: «Om me i framtida vil ha eit offentlig tenestetilbod i bygda [Balestrand], er eg stygt redd at kommunalt sjølvstende er tvingande naudsynt.»

Nesten like «populært» var argument som angreip det tidlegare nemnde overordna målet med reforma, det styrka lokaldemokratiet.

Kva er ein kommune? For meg er det ein arena for lokaldemokrati. Der ein kan påverke dei sakene som er viktige i kvardagen som skule, helse, kultur, idrett og lokalsamfunnsutvikling. Deltaking og engasjement trivst best i må einingar. Det er regjeringa som tenkjer for smått. For smått om lokaldemokrati. For smått om nærleik. For smått om engasjement.

Dette innlegget er av stortingsrepresentant for Senterpartiet Geir Pollestad og stod på trykk 2. april 2016. Pollestad var og er representant for Rogaland, men det betyr ikkje at lokale stemmer i Indre Sogn ikkje hadde like motargument. Elles var det dei som spesifikt var uroa for sine lokalsamfunn, som Bjørn Søltnæs, kommunestyrerepresentant for Senterpartiet i Leikanger, skreiv i Sogn Avis 19. mai 2016:

Det einaste som er sikkert er at dersom Leikanger blir verande sjølvstendig, er det systrendingane sjølve som avgjer om desse tenestene [kommunale tenester som skule og helse] skal oppretthaldast eller leggjast ned. Den tryggleiken får me ikkje i ein større kommune der systrendingane utgjør mindre enn 20 prosent av innbyggjartalet.

Fleire stiller spørsmålet, ofte retorisk; vert lokaldemokratiet betre med færre folkevalde per innbyggjar? I tillegg til sjølve talet på politikarar som skal representere folket og kva bygder som kjem til å bli utkantar i eigen storkommune, kjem det eit par gongar opp uro kring vervet som politikar. Hallgeir Høydal skriv 9. februar 2016:

Lokaldemokratiet blir skadelidande, det kan det ikkje vere tvil om, ein endar truleg opp med ein politisk elite som driv politikk på heiltid, eller som eg kallar det, eit «folkevald oligarki».

Det skal nemnast at dette er eit noko sjeldan argument, samt at det ei handfull gongar som underteikna las, vart nytta på andre sida av bordet for å argumentere for dyktigare administrasjon og vel førebudde og fokuserte representantar i kommunestyrer.

Som nemnd i bakgrunnskapittelet vart det halde over 200 folkerøystingar i landet, og under 40% av desse enda med positive innstillingar til samanslåingar. Av dei sju kommunane i Sogn som haldt røysting 23. mai 2016 stemde fem nei<sup>40</sup>. I Balestrand var det nesten daudt løp, 50% ja til samanslåing og 49% nei. Regionsenteret Sogndal var åleine om å tydeleg ynskje vokster med 61,5% ja til samanslåing. Valide eller ikkje, desse folkerøystingane gav grobotn for mange lesarinnlegg mot samanslåingar då regjeringa la på ekstra press for å få reforma gjennom:

På fylkeskonferansen til KS (...) bad kommunalminister Jan Tore Sanner nei-kommunane gå ein runde til. Kva slags respekt er det for folkerøystinga? (...)

---

<sup>40</sup> Svanes / NRK Sogn og Fjordane: 23.05.2016

Det må vere sjølvsgagt at kommunane sjølve skal bestemme om dei vil gå saman med nokon. Det må vere sjølvsgagt i eit demokrati at når det er ei folkerøysting, så avgjer fleirtalet.

*Asbjørn Geithus, pensjonert historielærer i Sogn Avis 24. februar 2016.*

Det har heile vegen vore eit premiss at ein skal auke makta ute i kommunane kvar folk faktisk bur, og då blir det eit paradoks at Oslo-makta skal overkøyre folkeviljen for å oppnå dette.

*Henrik Thorsnes Lefdal, fylkesleiar for AUF i Sogn og Fjordane i Porten.no 5. mars 2017.*

Det vert ved fleire høve også trekt fram ymse spørjeundersøkingar, nokre bestilt av media som Nationen, for å underbyggje påstanden om at «folket» ikkje ynskjer ei kommunereform. Ein kan sjå at desse argumenta, naturleg nok, dukkar opp i etterkant av at kommunar sa nei, for so å anten «gå ein runde til» eller bli oppmoda om dette. Geithus sitt sitat omhandlar kommunar som hadde avstemming før dei i Indre Sogn, men argumentet om «folkevilja» er gyldig likevel.

Det som overraska undertekna mest med denne oversikta var kor få lesarinnlegg som var prega av argument basert på identitet eller frykt for å miste delar av denne ved ei kommunesamanslåing. Argument som det følgjande frå tidlegare nemnde Lefdal som stod på trykk i avisa 12. mars 2016 var sjeldne.

For meg som ein stolt lustring, kan ikkje eg tenke meg å bli assosiert som ein sogndøl til dømes. Luster er staden eg har vakse opp, Luster er min identitet, det er lustring eg vil vere.

Denne overraskinga er nok rota i undertekna si eiga oppleving av den offentlege debatten i denne perioden. No skal det bli sagt at identitet nokre gongar vart nytta som ein del av ein tekst, men då som oftast som ein måte å innleie eit økonomisk eller demokratisk argument eller som utgang frå eit lesarbrev. «Kari Nordmann, stolt systrending», synte seg av og til i signaturen. Likevel var dette eit mindre brukt argument enn eg hadde trudd. Kvifor det er so kan nok diskuteras. Det kan ha rot i at ein i dagens politiske debatt er opptekne av effektivitet og økonomi og at abstrakte meiningar som identitetskjensler ikkje vinn fram. Eg ser føre meg at dette argumentet kanskje kan finnast att i større mengder i regionreformdebatten om ein hadde forska på denne, men igjen kan det vere ei feil oppfatning.

Som ein kan sjå av datoane på sitata nytta her i teksten, er det i 2016 brorparten av dataa kom frå. Det har nok både å gjere med dei politiske hendingane det året, men også at det var på hausten dette året lesarbreva kring regionreforma gjorde sitt inntog i avisa. Soleis kan dei ha teke over noko av samtalen kring regjeringsdrive reformer som påverka heile landet.

Lovnadar, folkestyre og prosess. Det var dette som prega motstanden mot kommunereforma i lesarbrevspaltene i Indre Sogn denne perioden. Dei intenderte effektane av reforma, spesielt ordet «robust», var meiningslaust, meinte kritikarane. Tanken om at større kommunale einingar skulle levere tryggare og betre tenester vart utfordra og lovnaden om styrka lokaldemokrati vart avvist. Etter folkerøystingar og spørjeundersøkingar «vann» motargumenta terreng og kunne rykke frå retoriske spørsmål om intensjonen til regjeringa og med tala på si side sei at folket ikkje ynskje den komande reforma. Etter fleire av desse

folkerøystingar vart «overkøyrde», som kritikarane meinte, skifta argumenta noko fokus over på prosesskritikk. Desse argumenta vart knytt attende til intensjonen bak reforma, som var å styrke lokaldemokratiet, og peikte på prosessen som hyklerisk, slik som Lefdal skreiv på Porten.no.

Som diskutert i metodekapittelet ser eg gjennom berre dei to åra eg har undersøkt, at argumenta går gjennom «epokar». Det er på ingen måte vasstette skott mellom desse, ettersom t.d. nærast latterleggjing av ordet «robust» skjer gjennom heile perioden, og fallgruveargumentet å appellere til populær meining også skjer før folkerøystingane gjev grunnlag for dette.

## 6.0 Ei samanlikning

### 6.1 Identitet

So – korleis artar argumenta mot kommunesamanslåingar seg i desse periodane? Den første utfordringa med å svare på dette er asymmetrien i kjeldene. For argumenta på 60-talet nytta eg brev, fråsegner og heradsstyreprotokollar, samt litteratur, og fokuserte på identitetsargument, slik problemstillinga legg opp til. For 2010-talet nytta eg lesarinnlegg og kategoriserte alle argumenta – også dei som ikkje gjaldt identitet. Vi kan likevel hente ut noko frå desse ved å samanlikne dei. Ein kan mellom anna sei at identitetsargumenta var heilt marginale på 2010-talet. Dette skil seg frå 60-talet, men kvifor? Det er dette som vert sentrum for dette kapittelet.

Men først, kva rolle spelte identitetsargumentet i kommunereforma i etterkrigstida? Her vil eg syne til Yngve Flo som skreiv ein artikkel om nett dette, og kort summere opp hans påstand<sup>41</sup>. I artikkelen skriv Flo om at både Scheikomiteen og motstandarar av reforma var einige om at legitimitet og identitet var viktige faktorar for ein velfungerande kommune. Det som skilde desse to var måten dei ynskja nytte identitet, eller heller kva dei la i det.

Kommuneinndelingskomiteen gjorde det klart at ein måtte vere bevisst på innarbeidde forhold og at samanslåingar måtte ta kulturelle og historiske dimensjonar med i reknestykket då grensene skulle teiknast på nytt. Dei meinte identitet var noko formbart, noko som sprang ut av materielle tilhøve. Soleis ville nye kommunegrenser tilpassa nye kommunikasjonstilhøve, nye oppgåver i kommunane og nye administrasjonar byggje *nye identitetar*.

På andre sida gav reformmotstandarane lokal identitet ein viss positiv funksjon. Dei nytta historie og tradisjon for å argumentere for at herada burde vere som dei var:

For å si dette noe forenklet framstår den gamle kommunens «naturlighet» og innbyggernes «naturlige» tilhørighet til akkurat denne kommunen som et urokkelig faktum for dem som bor der. Den gamle kommunen framstår som et faktum fordi den er eldre enn den nylig sammenslåtte kommunen.<sup>42</sup>

Flo oppsummerar identitetsargumentet si tvitydigheit:

Sett på spissen: Der motstandarane såg identitet som eit argument for å halde fast ved det etablerte og det eksisterande, såg Scheikomiteen identitet som eit argument for å etablere nye, og ut frå endra føresetnader (t.d. i næringsstruktur og i samferdslemønster) meir naturlege fellesskap – kommunar bygd kring det komiteen

---

<sup>41</sup> Flo 2015, s. 327-337

<sup>42</sup> Frisvoll & Almås 2004, s. 8, sitert av Flo i 2015-artikkelen

omtala som «det faktiske interessefellesskap». Det synest som komiteen la til grunn at felles (materielle) interesser var den grunnleggjande faktoren, og felles identitetar vart forma og omforma i takt med at interessene endra seg.

Identitet var altso eit aktuelt tema i reformdebatten for eit halvt hundreår sidan. Både i heradsstyrer, innad i kommuneinndelingskomiteen og hjå lokalsamfunn sjølv<sup>43</sup> vart appell til kjensla av tilhøyrsløse og fellesskap nytta for å argumentere både for og imot kommunereformer. Motstandarar av reforma meinte at ein gjennom samanslåingar ville kome til å miste noko – eit samspel seg imellom, eit særpreg eller tradisjonar av historisk og kulturell verdi. Til dømes frykta ordføraren i Jostedal at bygdene kom til å miste ei slags sær eigenheit – noko som var bygd opp gjennom generasjonar av liv og verke i dalen – ved ei samanslåing, trass i at dette «noko» ikkje vert definert.

Identitetsargumentet er ofte vanskeleg å fremje meiningsfullt for andre enn det angår. Dette er av di det finst like mange ulike oppfatningar av identitet som det finst dei som nyttar omgrepet. Likevel kjem det att, av og til åleine, men som oftast rasjonalisert av og for materielle tilhøve. For denne oppgåva sin del held eg meg til definisjonen nytta i innleiinga. Men det er nett dette – at det ikkje finst konsensus kring omgrepet «identitet», korkje i akademia eller hjå ålmenta – som gjer identitetsargumentet vanskeleg å fremje for andre.

Det skal nemnast at nokre historikarar har ulike meiningar frå det Flo skriv om Scheikomiteen sitt fokus på identitet og lokal historie. I ein artikkel av Ola Svein Stugu skriv han ikkje spesifikt om identitetsargumentet i reforma slik Flo gjer og har soleis ikkje like stort fokus på å underbyggje påstandane sine, men skildrar identitetsdimensjonen gjennom sentralmakta sine auger. Det er altso ikkje sikkert desse to historikarane er markant ueinige, men det latar likevel til å vere ein viss forskjell i meiningar. Stugu skriv at både Schei-komiteen og Kommunaldepartementet lena seg på økonomisk og byråkratisk rasjonalitet «som ikkje utan vidare hadde klangbotn i einskildkommunar og lokalsamfunn som skulle omorganiseras». Vidare skriv han at kva dei lokale såg på som naturlege samhandlingsmønster, eller lokale identitetar, vart «tillagt liten vekt i utgreiingane».<sup>44</sup>

Det er altso ulike meiningar om bruken av identitet i sjølv den politiske prosessen på 60-talet, men som eg har synt er dei lokale i Indre Sogn sin bruk av dette omgrepet skild frå slike diskusjonar.

I tillegg er det teikn på eit skilje mellom dei to periodane i synet på korleis identitet artar seg. Argumenta frå 60-talet ber preg av å i større grad vere essensialistiske, altso at individ kan plasserast innan uforanderlege kategoriar av kollektive identitetar som har påverknadskraft på dette individet sine eigenskapar. Eit døme på dette er igjen Jostedal-ordføraren sitt sitat og kommuneinndelingskomiteen i Luster si meining at «folkekarakteren», som var prega av at herada var åtskilde frå kvarandre i fleire hundreår, tala imot ei samanslåing av kommunane.<sup>45</sup>

---

<sup>43</sup> Eit brev sendt til kommunalinndelingskomiteen i 1957, underskrive av 40 personar på Ornes i Hafslo kommune. Henta frå saksarkivet med fråsegner frå 1957 i gamle Hafslo kommune sitt arkiv. Ikkje sitert av omsyn til plass.

<sup>44</sup> Stugu 2015

<sup>45</sup> Christiansen 2011, s. 9-10

Her nyttar eg ei mastergradsavhandling som kjelde, og ikkje sjølv standardverka Christiansen refererer til (m.a. Jensen, Ryymin og Hettne). Dette er grunna problema med å tilgang til bøker grunna Covid-19-reguleringar.

Til kontrast kan bruken av identitet på 2010-talet (og faktisk kanskje endå tydelegare i bruken av omgrepet av Schei-komiteen på 60-talet) tyde på eit meir konstruktivistisk syn på identitet. Om identitet vert *skapt*, danna for eit føremål, ved dynamisk forming og avgrensing av grupper, gjev fokuset på det materielle på 2010-talet meining. Identitetsargument som ikkje er bygd på materielle tilhøve er verdilause i eit konstruktivistisk syn, og nett slike argument er som sagt heilt marginale i denne perioden sett opp mot 60-talet.<sup>46</sup>

### 6.2 Materielt rasjonalisert identitet

Materielt rasjonalisert identitet er eit omgrep eg har forma for å skildre konklusjonen i denne oppgåva. Identitet står sjeldan åleine som argument mot kommunereformer. Som Flo skriv i sin artikkel kan det nyttast som vikarierende argument på bae sider av reformdebatten, men det tek eg ikkje stilling til i denne oppgåva. Eg vil påstå at det å syne til det eigne ved lokalsamfunnet som oftast vert nytta på ein av tre måtar. Dette kan vere som *grunnlag* for å kome med materielle argument, som då formannskapet i Hafslo argumenterte i ei heil sak om vegsamband og kyrkjesokn, før dei avsluttar med at Ornes og Kinserdal er både naturleg samanhengande med, tradisjonsbunden og «samanvaksen» med Hafslo og soleis ikkje kunne skiljast frå.<sup>47</sup> Elles vert identitet nytta som eit *produkt* av materielle tilhøve, som Jostedal-ordføraren som frykta å miste bygdas identitet bygd opp av dei ringe kåra i heradet. Den siste måten omgrepet vert nytta, er som eit bokstaveleg argument. Då vert omgrepet nytta utan å bli rettferdiggjort på andre grunnlag, slik som lustringen som aldri kan tenkje seg å bli assosiert som sogndøl.

Det siste punktet er ikkje naudsyntvis knytt til noko materielt, men dette er også det mest sjeldne argumentet etter mi forskning. Det hadde vore interessant å vite om det er ein forskjell i korleis dei ulike identitetsargumenta fordelar seg på desse kategoriane i dei to reformperiodane. Ut frå kjeldene nytta i denne oppgåva er dette diverre ikkje noko eg kan svare godt på. Trass i dette sit eg att med meininga at identitetsargument var noko meir stovereint på 60-talet enn i dag, men igjen står asymmetrien i kjeldene i vegen for å svare definitivt på det. Eg vil likevel fremje, i tru om at det ikkje er for dristig å påstå, at fråsegn som «[E]in lyt alltid hugse at ein kommune er ein levande organisme som ein ikkje må skade unødige» frå eit samrøystes kommunestyre ikkje hadde blitt godt motteke i det moderne politiske klimaet.

### 6.3 Var identitet viktigare på 60-talet?

Men trass i det at identitet sjeldan står på eigne bein som argument, er det til stades. Som nemnd er det ofte ein del av dei materielle argumenta i heradsprotokollane frå 50/60-talet. Det er også unekteleg ein dimensjon i lesarinnlegga under Sanner-reforma. Grunna metoden eg nytta – å leggje alle innlegg under éin kategori etter det dominerande argumentet – er det få lesarinnlegg som vert kategoriserte som reine identitetsargument, men som diskutert gjer lokalpatriotismen seg gjeldande ofte.

Men er det slik at vi sit med ei førestilling om at identitet var eit viktigare og meir legitimt argument på 60-talet? Artiklar som Roll-Hansen og Hoel sin i Lokalhistorisk årbok for Luster 2016 kan gje uttrykk for det, men dette kan også vere fleire grunnar til. I ei årbok skal ein appellere til lustringane sjølve. Argument og sitat frå heradsprotokollar som omhandlar dåtidas kraftpengar, utbygging av Jostedalsvassdraget, at vegsambandet var nytt eller innføringa av ungdomsskolen er ikkje like aktuelle den dag i dag, og soleis vanskelegare for

---

<sup>46</sup> Ibid, s. 10-11

<sup>47</sup> Hafslo formannskap, sak nr. 24/1957, 25. juli 1957

dagens lustringar å kjenne seg att i. Det kan difor vere tenleg å fokusere på identitetsargument, grunna at lustringar i dag framleis ser på seg sjølv som jostedølar eller hafslobygdingar, i tillegg til å vere frå Luster kommune. Historikarar vil også vere på leit etter dei interessante forteljingane i artiklar meint for ålmenta som den aktuelle i årboka. Då kan det også vere tenleg å nytte nettopp dei attkjennelige og meir spanande sitata om at mørkret sig innover jostedølane som har kjempa seg til eit livsopphald i ein avsides dal på vestlandet, heller enn tørre økonomiske gjennomgangar av budsjett. Kvar ligg den beste forteljinga? No vart denne artikkelen nytta som eit døme, men dette går att i mykje arbeid gjort av historikarar.

Men identitet vart jo unekteleg brukt på 60-talet, og eg fremja jo at det kan ha vore ein meir stoverein og diskursmessig legitim grunn for motstand enn det er i dag. Likevel var politikken i etterkrigstida prega av økonomisk rasjonalitet, mykje som i dag. Dimed er det tenkjeleg at denne type argument vart fremja meir i denne perioden av di denne økonomiske rasjonaliteten ikkje var like sementert som i dag. Elles kan det tenkjast at tilhengjarar av kommunereformer, om det enn er Schei-reforma, Sanner-reforma eller nokon av kommunereformene mellom dei, er interesserte i å fremje identitetsargumenta til motparten. Ein ting er som forsvar for endringa, slik Flo diskuterer, men det kan også vere for å undergrave motstand ved å merke den som utdatert eller lite pragmatisk – å danne ein stråmann. Dette er rein spekulering ut frå resultata funnen i denne oppgåva, men det kan vere rot for vidare diskusjon.

#### *6.4 Gjev like reformer lik motstand?*

I kontekstualiseringskapittelet konkluderte eg med at det er fleire likskapstrekk mellom Schei-reforma og Sanner-reforma. Dette var mellom anna styrking av økonomi, administrasjon og tildeling av nye oppgåver, samt at den overkommunale prosessen var også noko lik. Dei arta seg ulikt i utgangspunkt, tidsspenn, omfang og politisk framgang, men dei var like på fleire punkt. Kjeldene og metoden eg har nytta ligg til grunn for at eg vil konkludere med at noko var likt i motstanden mot desse politiske prosessane: kritikk av grunngjevinga bak og dei drivande målsetjingane for reform. Argumenta var som oftast rota i materielle tilhøve med identitet nytta som ein dimensjon på eitt eller anna vis. Innanfor desse rāmene kan ein sei at motstanden var noko likt bygd opp.

Men noko som sjeldan syner seg på 60-talet er kritikk av prosessen til reforma. Ved eitt tilfelle, brevet frå folket på Ornes i Hafslø, står følgjande:

Skulle dette me her ber fram [ynskje om å bli i Hafslø kommune og ikkje gå saman med Luster] ikkje verta teke omsyn til, vil me etter vårt syn og i den ståda me er i kjenna det som ein stor urett og framja mot oss på ein heilt gjennom udemokratisk måte.<sup>48</sup>

Omtalen av reforma som udemokratisk i slike sterke ordelag har eg ikkje funne fleire stadar frå 60-talet. Til kontrast var argument rota i folkevilja mot samanslåingar eller folkerøystingane blant dei mest populære på 2010-talet. Ikkje reint få av desse ville hamna i kategorien som kritiserte reforma som udemokratisk, hadde ei slik inndeling blitt gjort. Trass i ubalansen mellom kjeldene legg eg fram at det var langt vanlegare å kritisere Sanner-reforma for å vere udemokratisk enn Schei-reforma, trass i at dei var noko likt oppbygde. Grunnen til dette kan vere den korte perioden, mellom 2014 og 2016, Sanner meinte kommunane skulle ta

---

<sup>48</sup> Henta frå saksarkivet med fråsegner frå 1957 i gamle Hafslø kommune sitt arkiv

stilling til samanslåinga. Som tidlegare diskutert kan eit so kort tidsrom ha ført til hastigare gang i byråkratiet, noko som kan føre med seg t.d. lovlege spørsmål, samt at det kan opplevast som meir valdeleg. Dette er igjen ope for vidare forskning.

## 7.0 Konklusjon

So attende til problemstillinga: Korleis vart identitet nytta som argument mot kommunesamanslåingar i Indre Sogn på 1960-talet og korleis var dette samanlikna med argumenta nytta i lesarinnlegg i same område som argumenterer mot kommunereforma på 2010-talet?

I denne oppgåva har eg synt at identitet oftast vart nytta som del av eller produkt av materielle argument mot kommunesamanslåingar i Indre Sogn i etterkrigstida, men av og til som sjølvstendig argument. Eg har også synt at argumenta nytta i lesarinnlegg i same området under Sanner-reforma i mykje mindre grad handla om kultur og historie. Stort sett handla dei om lovnadane bak reforma, folkestyre og den politiske prosessen sjølv. Identitet var eit aspekt, men i marginal grad sett i forhold til den politiske diskursen på 60-talet.

Eg kan konkludere med at identitet svært sjeldan står åleine som argument mot kommunesamanslåing, og at det vart heilt marginalt nytta mot Sanner-reforma på 2010-talet.



## 8.0 Kjeldeliste

Christiansen, Elin Voll. (2011). *Kulturminner og identitetsdannelse*. (Mastergradsavhandling). Universitetet i Oslo, Oslo. <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/26634/Masterx-xElinxVollxChristiansen.pdf?sequence=2&isAllowed=y> (Henta 13.05.20)

Dahl, Hans Fredrik. (2004, 1. opplag). *Mediehistorie – Historisk metode i mediefaget*. N. W. Damm og Søn AS: Oslo.

Distriktssenteret, (2017, 23. mai). Folkeavstemninger om kommunesammenslåing. <https://distriktssenteret.no/kommunereformen/folkeavstemninger/> (Henta 18.04.20)

Durzun-Oxkanca, Oya. (2011). European Union Enlargement and British Public Opinion: The Agenda-Setting Power of the Press. *Perspectives on European Politics and Society*, 2012 (2), s.139-160. Henta frå <https://doi.org/10.1080/15705854.2011.572642> (25.02.20)

Eggum, Terje. (2009). *På trykk – Avisene i Sogn og Fjordane 1874-2009*. Selja Forlag as: Førde.

Elvestad, Eiri. (2001). *Leserbrevskribenter – en studie av dem som skriver leserbrev i lokalaviser* (ISS-rapport nr. 58).

Flo, Yngve. (2015). Identitet og historie i kommunereformas tid. *Heimen 2015*, (04 / vol. 52), 327-337.

Folkenborg, Håkon Rune. (2018). *Én fortid – mange fortellinger* (1. utg.). Oslo: CAPPELEN DAMM AS.

Frisvoll, Svein og Reidar Almås 2004: *Kommunestruktur mellom fornuft og følelser. Betydningen av tilhørighet og identitet i spørsmål om kommunesammenslutning*. (Bygdeforskning R-05/04)

Harvold, Kjell-Arve. (08.12.2016). Folkeavstemninger uten mening?. *Kommunal Rapport*. <https://www.kommunal-rapport.no/debatt/folkeavstemninger-uten-mening/112193/> (Henta 18.04.20)

Henrichsen, Magnus & Øverland, Remy Olsen (vegleia av Dag Ingvar Jacobsen). (2017). *Lokale folkeavstemninger i lys av kommunereformen – en kvantitativ studie av folkeavstemninger i perioden 2015-2017*. (Mastergradsavhandling, Universitetet i Agder). <https://uia.brage.unit.no/uia-xmlui/bitstream/handle/11250/2455809/%C3%98verland%2C%20Remy%20Olsen%20og%20Henrichsen%2C%20Magnus.pdf?sequence=1&isAllowed=y> (Henta 18.04.20)

Jukvam, Dag. (1999). *Historisk oversikt over endringer i kommune- og fylkesinndelingen* (SSB-rapport 99/13). Henta frå [https://www.ssb.no/a/histstat/rapp/rapp\\_199913.pdf](https://www.ssb.no/a/histstat/rapp/rapp_199913.pdf) (05.04.20)

Kommunal- og arbeidsdepartementet. (1952). *Om en revisjon av den kommunale inndeling m. v. Prinsipielle retningslinjer – Innstilling II fra Kommuneinndelingskomiteen*. Oslo: Arbeidernes Aktietrykkeri.

Kommunal- og arbeidsdepartementet. (1952). *Om en revisjon av den kommunale inndeling m. v.* (Meld. St. 68 (1952)). <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1952&paid=2&wid=c&psid=DIVL425> (Henta 15.04.20)

Kommunal- og forvaltingskomiteen. (2015). *Innstilling ra kommunal- og forvaltningskomiteen om kommuneproposisjonen 2015.* (Innst. 300 S (2013-2014) til Stort. prop. 95 S (2013-2014)).

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2014). *Kommuneproposisjonen 2015.* (Prop. 95 S (2013–2014)). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Prop-95-S-20132014/id759298/> (Henta 17.04.20)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2014). Kriterier for god kommunestruktur (Delrapport fra ekspertutvalg). (03/2014) Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/ekspertutvalg/delrapport-1/id751493/> (17.04.20)

Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (14.05.14). *Kommunereform for fremtidens velferd.* <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/Kommunereform-for-fremtidens-velferd/id759493/> (Henta 11.03.20)

Melve, Leidulf. (2009). Komparativ historie: ei utfordring for historiefaget?. *Historisk tidsskrift*, 2009(1), 69-77.

Melve, Leidulf & Ryymn, Teemu. (2018). *Historikerens arbeidsmåter.* Oslo: Universitetsforlaget.

NRK (Heljesen, Vilde & Bulai, Eva Marie). *Kommune-avstemninger slaktes i ny rapport: Folk visste ikke hva de stemte på.* (16.11.17). <https://www.nrk.no/norge/folkeavstemninger-om-kommunesammenslainger-slaktes-i-ny-rapport-1.13778309> (Henta 18.04.20)

NTB. (31.03.2014). Ekspertutvalget: – Kommunene bør ha minst 15.000 innbyggere. *Aftenposten.* <https://www.aftenposten.no/unknown/i/7lzeW/ekspertutvalget-kommunene-boer-ha-minst-15000-innbyggere?> (Henta 26.04.20)

Regjeringen.no. (26.05.17). *Kommunereform – Historisk utvikling.* <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/utviklingen-av-den-norske-kommunestruktu/id751352/> (Henta 11.03.20)

Regjeringen.no. (03.01.20). Navn på nye kommuner – Oversikt over kommunesammenslåinger og nye kommunenavn. <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/nye-kommuner/id2470015/> (Henta 05.04.20)

Roll-Hansen, Hege & Hoel, Oddmund. (2016). *Kommunesamanslåinga i 1963. Luster – lokalhistorisk årbok 2016* (vol. 7), s. 67-84.

Roll-Hansen, Hege. (2017). *Soga om Sogn og Fjordane (band 4) – Kraft og motkrefter etter 1945.* Bergen: Fagbokforlaget.

Stugu, Ola Svein. (2015). Etterkrigstidas kommunereform – eit oversyn. *Heimen*, 2015(04 / vol. 52), 311-324.

Svanes, Brit Jorunn. 23.05.2016. Her er resultat frå folkerøystingane i Sogn. *NRK Sogn og Fjordane*. <https://www.nrk.no/vestland/her-er-resultat-fra-folkeroystringane-i-sogn-1.12958011> (Henta 23.04.20)

Wale, Astrid. Oppsplitting og sammenslåing – noen lange historiske linjer i et skiftende kommunelandskap. *Heimen 2015*, (04 / vol. 52), 301-309.



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgåve i historie

SA523 bacheloroppgåve

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	05-05-2020 15:00	<b>Termin:</b>	2020 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	14-05-2020 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgåve i historie	<b>Studiepoeng:</b>	15
<b>SIS-kode:</b>	203 SA523 3 O 2020 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	Gunnar Yttri		

### Deltaker

<b>Navn:</b>	Josef Benoni Ness Tueit
<b>Kandidatnr.:</b>	305
<b>HVL-id:</b>	573735@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

<b>Antall ord *:</b>	9699	
<b>Egenerklæring *:</b>	Ja	<b>Inneholder besvarelsen konfidensielt materiale?:</b> Nei
<b>Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:</b>	Ja	

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei